



Arkivnr: 2015/8324-13

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		01.12.2015

**Klagesak - Klage på vedtak om tildeling av drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral**

**Samandrag**

Drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral vart lyst ledig i pressa 20.08.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut meldte det seg 3 søkjarar.

Ole-Knut Olsen og Øyvind M. Bukkestein har ikkje drosjeløyve frå før. Ingen av dei har fullført løyvekurset og dei har ikkje ansiennitet som drosjesjåfør. Ronny Runderheim er innehavar av drosjeløyve R-342 i Norgestaxi Bergen AS. Han har ein ansiennitet på 10 år og 15 dagar.

Samferdselsavdelinga har vurdert saka slik at det ikkje ligg føre søkjarar med føretrinnsrett etter yrkestransportforskrifta § 43. Etter gjeldande regelverk og lang forvalningspraksis kan ein løyvehavar ikkje vera tilslutta ulike drosjesentralar samstundes. Ved vedtak 25.09.2015 vart drosjeløyve R-314 derfor tildelt Øyvind M. Bukkestein etter skjønn i medhald av yrkestransportforskrifta § 44. Drosjeløyve vert ikkje utferra før vitnemål for bestått løyvekurs ligg føre. Ronny Runderheim har klaga på tildelingsvedtaket. Klaga er rettidig.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert klaga og ikkje funne å ta klaga til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert saka og klaga frå Ronny Runderheim av 12. oktober 2015 på vedtak om tildeling av drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral og rår til at klaga ikkje vert teken til fylgje.

**Forslag til vedtak**

Klage frå Ronny Runderheim av 12. oktober 2015 på fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om tildeling av drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral vert ikkje teken til fylgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

*Vedlegg: Klage på tildeling av drosjeløyve R-314*

## Fylkesrådmannen, 06.11.2015

### Bakgrunn:

Drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral vart lyst ledig i pressa 20.08.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut meldte det seg 3 søkerar Ole-Knut Olsen Øyvind M. Bukkestein og Ronny Runderheim. Ole-Knut Olsen og Øyvind M. Bukkestein har ikkje drosjeløyve frå før. Ingen av dei har fullført løyvekurset og dei har ikkje ansiennitet som drosjesjåfør. Ronny Runderheim er innehavar av drosjeløyve R-342 i Norgestaxi Bergen AS. Han har ein ansiennitet på 10 år og 15 dagar.

Ved vedtak 25.09.2015 vart drosjeløyve R-314 tildelt Øyvind M. Bukkestein i medhald av yrkestransportforskrifta § 44. Drosjeløyve vil ikkje verta utført før vitnemål for bestått løyvekurs ligg føre.

Ronny Runderheim har i e-post 12. oktober 2015 klaga på tildelingsvedtaket. Klaga er rettidig.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert klaga og gjort slikt vedtak:

"Klage frå Ronny Runderheim av 12. oktober 2015 på vedtak om tildeling av drosjeløyve R-314 tilknytt Dale Taxisentral vert ikkje teken til fylge."

Saka er oversendt den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd.

### Rettsleg grunnlag:

#### Yrkestransportlova § 4. Løyve for persontransport med motorvogn

(1) Den som mot vederlag vil drive nasjonal eller internasjonal persontransport med motorvogn, må ha løyve. Det same gjeld den som utfører persontransport mot vederlag på liknande måte som drosje når tilbod om transport vert retta til ålmenta på offentleg plass.

(2) Løyve kan tildelast den som

- a) driv ei faktisk og varig verksemd i Noreg,
- b) har god vandel,
- c) har tilfredsstillande økonomisk evne, og
- d) har tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

#### Yrkestransportforskrifta

##### § 43 Tildeling av løyve, fortrinnstrett:

Dersom ikke særlige grunner taler mot at vedkommende gis løyve, har søker med minst to års ansiennitet som full tids drosjesjåfør i løyvedistriktet fortrinnsrett til løyve som blir ledig ved at en løyvehaver dør eller opphører med virksomheten.

Ansiennitet som full tids drosjesjåfører regnes kun hvis drosjeyrket er utøvd som vedkommendes hovederverv.

Er det flere søkerere som oppfyller dette krav, gis den søker som har lengst ansiennitet fortrinn. Fortrinnsretten gjelder bare for tildeling av ett løyve. (...)

##### § 44. Tildeling av løyve, uten fortrinnsrett:

Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter § 43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.

##### § 46. Tilslutning til drosjesentral:

Løyvemyndigheten kan i samråd med kommunale myndigheter bestemme om det skal være en eller flere drosjesentraler i et distrikt.

Løyvemyndigheten bestemmer om løyvehaver skal være tilsluttet godkjent drosjesentral, eller hvilket sted løyvehaveren skal ha stasjon. (...)

### **Klage frå Ronny Runderheim**

Ronny Runderheim viser til at det ikkje var kvalifiserte søkerar til drosjeløyve R-314 fordi to søkerar mangla fagleg kompetanse og to års ansiennitet medan han sjølv har løyve i eit anna køyreområde. Vidare hevdar han at dersom tildeling skjer etter forskrifta § 44 fordi ingen søkerar har fortrinnsrett, er det urimeleg at løyvestyresmakta gjennom skjønn har tildelt løyve til søker utan fullført løyvekurs og utan ansiennitet. Ronny Runderheim viser til brev frå departementet av 11.01.2008 og til at § 44 opnar for at ein kan tildela drosjeløyve til innehavar og til selskap. Han hevdar at det ikkje kan vera diskvalifiserande at han allereie har drosjeløyve.

I e-post datert 8.november 2015 er det kome tilleggsopplysningar til klaga frå Ronny Runderheim:

#### "Tilleggs Opplysninger til Klagenemnda tildeling av drosjeløyve R-314 tilknytta Dale taxiformidling

Tileggs opplysninger fra klager til § 46 er at de "kun" har tatt med en liten del av § 46. Fylkeskommunen har tatt den ut av sammenheng og tolker den til at Løyvehaver kun kan være tilknyttet en drosje sentral er en urimelig tolkning og har ulik konsensus i andre løyvedistrikter der praksis er vanlig at det kan søkes på flere løyver og i andre kjøreområder etter yrkes transportforeskriften § 44 med unntak av noen få fylkeskommuner som har det i reglemange da kjøreområde/løyvedistriktet er sammen slått.

Hordaland fylkeskommune har ikke et reglemang på dette og at de bruker praksis og skjønn noe som gjør at søknader kan bli behandlet på ulike vilkår og at dette i sin helhet virker urimelig for klager.

#### **§ 44. Tildeling av løyve, uten fortrinnsrett**

Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter § 43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.

#### **§ 46. Tilslutning til drosjesentral**

(Løyvemyndigheten bestemmer om løyvehaver skal være tilsluttet godkjent drosjesentral, eller hvilket sted løyvehaveren skal ha stasjon.)

Utdrag av Departementets skriv om bruken av §44 ref 05/1301-jvw

Det forekommer at løyver lyses ut uten at det melder seg andre kvalifiserte søkerar enn slike som allerede har løyve, og løyvemyndigheten kan da velge å bruke den skjønnsmessige adgangen til å tildele flere løyver til eksisterende løyvehavere.

skjønnsmessig tildeling av drosjeløyve åpner også for at løyvemyndigheten kan tildele løyve til sjåfører med lengre praksiserfaring fra drosjeyrket, men som ulike grunner ikke har kjørt i et slikt omfang man oppfyller kravet til fortrinnsberettiget full tids ansiennitet.

Til sist må det fattes et vedtakk iht.forskriftens §44 om tildeling av løyve etter skjønn blant de kvalifiserte søkerne . Fylkeskommunen bør i utlysningen tilkjennegi de kriterer man vil legge vekt på ved avgjørelsen. Vedtaket i denne sammenheng er et enkeltvedtak i denne sammenheng er et enkelt vedtak som omfattes av forvaltningslovens bestemmelser om begrunnelser og klagerett m.v

På søke tidspunktet hadde ikke Øyvnind M.Bukkestein eller Ole Knut Olsen kjørt drosje og var ikke kvalifisert til yrkes transportforeskriften §43 og §44 (skjønnsmessig tildeling) og manglet faglig kompetanse på tildelingstidspunktet. Departementet har presisert skjønnsmessig kvalifisering og ingen av søkerne

hadde praksiserfaring fra drosjeyrket, utenom klager og klager var den eneste kvalifiserte søker etter yrkestransportforekskriften §44 og mener vedtaket er urimelig og tildelingen er feil.  
 Hordaland Fylkeskommune brukte §44 (skjønnsmessig tildeling) og klager var den enste kvalifiserte søker etter §44 burde tildelingen ha gått til klager. og visser til departementet grundige gjennomgang av yrkestransporten forskrift §44 og at de uttaler at det er mulig for løyvehaver og søke flere løyver men at dette ikke skal gjøres ukritisk da det ved enkelt stående tilfeller har blitt utdelt relativ stort antall løyver til samme person, klager har kun 1 løyve og at denne problemstillingen ikke vil være gjeldende da Departementet og Yrkestransportforskriften §44 definert klager som kvalifisert søker på drosje løyve R-314 v/Dale Taxiformidling.

Vedlegger også klagen i sin helhet da klager ikke kan se at Hordaland Fylkeskommune samferdselsavdeling har fått fram klagers synspunkter til Klagenemnda, og Departementets skriv ref 05/1301-jvw"

#### **Fylkesdirektør samferdsel si vurdering:**

"I e-post 12. oktober 2015 varsla Ronny Runderheim at han skal senda skriftleg klage per post. Klage per post er ikkje motteke, og ein legg derfor ordlyden i e-posten til grunn.

Yrkestransportforskrifta § 43 gjeld berre ved tildeling av eit løyve og der det er søkerar med fortrinnsrett, dvs. som har minst to års ansiennitet som full tids drosjesjåfør. Ronny Runderheim har løyve frå før og ingen av dei andre søkerane har ansiennitet. § 43 kjem derfor ikkje til anvending.

Tildeling av R-314 har vore gjort etter yrkestransportforskrifta § 44. Denne gjev løvestyresmakta hove til å tildela etter skjønn, dvs. at ein står friare ved tildeling og ein kan leggja vekt på andre forhold enn ansiennitet.

Runderheim meiner at det er urimeleg at han ikkje får tildeling fordi han allereie har løyve. HFK sin praksis er med nokre få unntak, at ein nyttar prinsippet om personlege løyvehavarar og i hovudsak einbilseigarar, dvs. 1 hovudløyve og 1 reserveløyve per løyvehavar. Dette er i tråd med samferdselsdepartementet sitt syn slik det er gjort greie for i brev av 11.01.2008 til fylkeskommunane og Norges Taxiforbund der det heiter:

*«Etter gjeldende løyeordning har man lagt vekt på prinsippet om personlige løyvehavere til grunn. Reglene om fortrinnsrett har bl.a. medvirket til å etablere den organisasjonsmessige struktur i drosjenæringen i dag, i hovedsak bestående av småbedrifter (enbilseiere) med løye tilknyttet sentral.*

*Det forekommer at løyver lyses ut uten at det melder seg andre kvalifiserte søkerar enn slike som allerede har løyve, og løyvemyndigheten kan da velge å bruke den skjønnsmessige adgangen til å tildele flere løyver til eksisterende løyvehavere. I enkelte distrikt med dårlig inntjening kan en slik løsning bidra til å legge til rette for at løyvehaver kan ha drosjeyrket som eneyrket, framfor løsninger basert på at flere må ha annet yrke ved siden av. (...)»*

*Departementet anser at den skjønnsmessige adgangen løyvemyndigheten har etter § 43 til å kunne medvirke til samling av flere løyver på samme hånd, herunder i selskapsform, ikke bør brukes ukritisk, men anvendes med en viss varsomhet (...)»*

Løvestyresmakta kan tildela drosjeløyve til selskap eller eksisterande løyvehavar dersom det ikkje melder seg andre kvalifiserte søkerar. Løvestyresmakta vurderer sjølv om ein skal gjera det.

Før ein fatta tildelingsvedtak tok løvestyresmakta kontakt med Ronny Runderheim med spørsmål om han ynskte tildeling mot innlevering av drosjeløyve i Norgestaxi Bergen AS. I e-post 21.09.15 svarte Runderheim at han ynskte å stå tilslutta fleire sentralar. Han fekk då opplyst at dette ikkje er i tråd med HFK sin praksis og tolking av regelverket.

I sak 2/2012 behandla klagenemnda same type problemstilling. Ein løyvehavar med løyve i ein drosjesentral i Bergen køyreområde søkte om drosjeløyve i Øygarden. Han var einaste søker, men fekk ikkje tildelt drosjeløyve. Klagenemnda ga han ikkje medhald i klagu etter prinsippet om eitt hovudløyve per løyvehavar og etter yrkestransportforskrifta § 46, 2. ledd «*skal være tilsluttet godkjent drosjesentral*». Ordlyden opnar ikkje for at ein løyvehavar skal kunna vera tilslutta fleire sentralar samstundes.

HFK sin praksis med å tildela drosjeløyve til selskap vert nytta kritisk og med varsemd. Dette skjer unntakvis og av omsyn til at publikum skal ha eit tenleg drosjetilbod. Ronny Runderheim har i e-post 11. oktober 2015 hevda at HFK sin praksis med å nekta tilslutning til fleire sentralar, vil slå ulikt ut for enkeltpersonføretak og andre selskapsformer. Som illustrasjon viser han til at selskapet Turbuss Vest AS som har fått drosjeløyve i Øygarden t.d. kan kjøpa opp Taxi 1 AS og då få løyve i to ulike køyreområde.

Eksempelet kan ikkje utan vidare samanliknast med tildeling av R-314. Taxi 1 AS er eit unntak i drosjenæringa i Hordaland då selskapet både er drosjesentral og løyvehavar. Eit eventuelt oppkjøp av aksjemajoriteten i selskapet ville ikkje medført at HFK hadde tildelt løyve til eit selskap tilslutta to ulike sentralar.

Det ligg ikkje føre grunnar for å fråvika einbilseigarprinsippet og prinsippet om at løyvehavar berre skal vera tilslutta ein drosjesentral i denne saka. Dersom ein skulle tildela drosjeløyve på Dale til Ronny Runderheim, ville det ikkje vera for å sikra at løyvehavar i distrikt med därleg inntening kan leva av drosjeverksemda åleine. I staden ville det opna for ein heilt ny praksis der ein løyvehavar kan driva drosje på ulike stader. Dette er ikkje i tråd med intensjonen i § 44.

I denne saka er løyve etter skjønn tildelt søker som oppfyller vilkåra til økonomisk evne og vandel. HFK har lang forvaltningspraksis for at ein kan søker om drosjeløyve sjølv om løyvekurset ikkje er fullført. Tildelingsvedtaket byggjer på føresetnaden at løyvekurset vert fullført og bestått innan dei tre månadene søker har på seg til å setja bil i drift, og løyvedokumentet vert ikkje utlevert før vitnemål ligg føre. Søker som har fått tildelt R-314 har no avgjort eksamen på løyvekurset og ventar på vitnemålet. Såleis vil søkeren vera fullt ut kvalifisert før han vert løyvehavar.

Ein har teke omsynet til publikum i vare ved tildeling av R-314. Skjønnet byggjer på saklege vurderingar, gjeldande regelverk og forvaltningspraksis. Fylkesdirektør samferdsel rår til at klage frå Ronny Runderheim ikkje vert teken til fylgje."

### **Fylkesrådmannen si vurdering.**

Fortrinnstrett etter yrkestransportforskrifta § 43 har søkerar med minst to års ansiennitet som full tids drosjesjåfør i løyvedistriktet. Dette gjev fortrinnsrett til løyve som blir ledig ved at ein løyvehavar dør eller opphører med verksemda. Er det fleire søkerar som oppfyller dette krav, er det den søkeren med lengst ansiennitet som har føreretten. Denne føreretten gjeld berre for tildeling av eit løyve. Dette går klart fram av siste ledd i §43.

Den eine søkeren, Ronny Runderheim, som og er klagar på tildelingsvedtaket har løyve frå før. Føreretten etter §43 gjeld berre ved tildeling av eitt løyve og i og med at han har eit løyve frå før i Bergen vil ikkje han ha førerett etter § 43. Heller ikkje dei to andre søkerane har erfaring frå yrket som drosjesjåfør og har ikkje ansiennitet. Slik fylkesrådmannen ser dette ut frå regelverket er det ingen av dei tre søkerane som har førerett etter yrkestransportforskrifta § 43. § 43 vil difor ikkje kunna nyttast ved denne tildelinga av ledig drosjeløyve.

Løyvestyresmakta har vore i kontakt med Ronny Runderheim med spørsmål om han ønskjer å levera inn sitt drosjeløyve i Bergen. Dette var han ikkje villig til, då han meinte at det ikkje var noko hinder å ha to drosjeløyver og å stå tilslutta to sentralar.

Hordaland fylkeskommune som løyvestyresmakt sin praksis er med nokre få unntak, at ein nyttar prinsippet om personlege løyvehavarar og i hovudsak einbilseigarar, dvs. 1 hovudløyve og 1 reserveløyve per løyvehavar. Slik fylkesrådmannen ser dette er det i tråd med samferdselsdepartementet sitt syn som er sitert i fylkesdirektør samferdsel si utgreiing og vurdering av saka.

I denne saka er løyve etter skjønn tildelt søkjar som oppfyller vilkåra til økonomisk evne og vandel. Hordaland fylkeskommune har lang forvaltningspraksis for at ein kan søkja om drosjeløyve sjølv om løyvekurset ikkje er fullført. Tildelingsvedtaket byggjer på føresetnaden at løyvekurset vert fullført og bestått innan dei tre månadene søkjar har på seg til å setja bil i drift, og løyvedokumentet vert ikkje uteleverert før vitnemål ligg føre. I denne saka er no løyvekurset fullført for den som har fått tildelt løyvet. Krava som må vera tilstades er såleis oppfylte. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at tildelinga her er skjedd utan at grunnkrava er tilstades. Sålenge løyvet først vert uteleverert og effektuert når vitnemål frå løyvekurset/fagleg kompetanse føreligg vil ein kunne utelevera løyvet. Det er eit vedtak det er knytt tilknytt til føremålet med å tildele løyve.

Løyvestyresmakta kan tildela drosjeløyve til selskap eller eksisterande løyvehavar dersom det ikkje melder seg andre kvalifiserte søkjarar. Det er løyvestyresmakta som vurderer sjølv om ein skal gjera det. Hordaland fylkeskommune sin praksis er med nokre få unntak, at ein nyttar prinsippet om personlege løyvehavarar og i hovudsak einbilseigarar, dvs. 1 hovudløyve og 1 reserveløyve per løyvehavar. Slik fylkesrådmannen ser denne saka er det ikkje noko som skulle tilsei at ein skulle gå bort frå denne praksisen her. Her er det fleire søkjarar til det ledige løyvet og det er då ikkje behov ut frå eit publikumsbehov å bryta med dette. Slik fylkesrådmannen ser dette er det i tilfeller der ein ikkje kan gje eit drosjetilbod til publikum, fordi det ikkje er andre søkjarar ein drosjeløyveinnehavarar, at dette bør vurderast.

Tildeling av R-314 er gjort etter yrkestransportforskrifta § 44. Denne gjev løyvestyresmakta høve til å tildela etter skjønn, dvs. at ein står friare ved tildeling og ein kan leggja vekt på andre tilhøve enn ansiennitet.

Fylkesrådmannen meiner at ein i saka har teke omsyn til publikum i vare ved tildeling av R-314, og at skjønnet bygger på saklege vurderingar. Ein har lagt vekt på den praksis som gjeld for tildeling av løyver i Hordaland og fylkesrådmannen ser det skjønnet som er utøvd her er sakeleg og i tråd med tidlegare tildelinger.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at klage frå Ronny Runderheim over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om tildeling av drosjeløyve R-315 tilknytt Dale Taxisentral vert ikkje teken til fylgje.